SNR
STORD NÆRINGSRÅD

3 etasjar med yrkesfag i Kulturhuset
– Frå yrkesfagdagen 31.10.23

2023
ÅRSMELDING

stordnaeringsraad.no

zpirit til å

forbetre
oppnå
kommunisere
vekse
informere
effektivisere
bygge
selge
glede
digitalisere
endre
tilpasse
skape
forenkle
begeistre
levandegjere
publisere
redigere

Ringvegen 30 - 5412 Stord

zpirit.no

Året 2023

Årsmeldinga er utforma av Zpirit Reklamebyrå

Året 2023 har gitt oss nye påminningar om at vi lever i ein fredeleg krok i verda, samstundes som krig og konfliktar har prega nyhendebilete. Krig i Ukraina og Gaza påverkar oss på ulike måtar, men og næringslivet vert påverka av energikostnadar, usikre leveransar og endra fokus hjå leverandørar og kundar.

Industrien på Stord har fått fleire store kontraktar innan olje og gass marknaden, og ordrereserven er større enn på lang tid. «Oljeskattepakken» har gitt god utteljing for industrien, samstundes som det har vore god utvikling i fornybar marknaden. Industrien på Stord og i Sunnhordland ligg langt framme, og har svært god føresetnad for å lykkast i det grøne skiftet.

Dette medfører at fleire delar av næringslivet på Stord går betre enn det vi får rapportar frå andre stadar i landet. Samstundes høyrer vi frå nokre delar av næringslivet at dei møte hardare konkurranse frå verksemder utanfor Stord.

Vi er ei øy, men ikkje isolerte for verknadane av auka kraftprisar, renter og generell dyrtid. Saman med moderate lønsoppgjer gir det ein reduksjon i kjøpekraft som verkar inn både på sluttkunde og heile næringskjeda.

Stord næringsråd jobbar tett og godt inn mot Stord kommune. Dette året har det vore val og eit nytt fleirtal har tatt over. Vi har óg fått ein ny kommunedirektør i år. SNR var tidleg på ballen og inviterte til gode samarbeidsmøte med både politisk og administrativ leiing. Dette blir viktig framover når arealdelen av kommuneplanen skal vedtakast.

Samferdsle er eit av dei viktigaste emna for næringslivet på Stord. I år har vi arrangert møter om Hordfast, både på Stord og konferanse på Flesland. Vi har mellom anna svart ut høyringar om Nasjonal transportplan, E134 Arm til Bergen, kommuneplan E39 og Kollektivterminal i Leirvik.

Det har skjedd mykje på arrangementsfronten med 8 frukostmøter, seminar, vegkonferanse og U37 arrangement.

Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar

VISJON

SNR skal vera det sjølvskrivne fora for diskusjon av spørsmål som vedkjem næringslivet i Stord

MÅL

1. SNR skal vera ein synleg interesse-organisasjon
2. SNR skal vera talerøyr for næringslivet i Stord kommune
3. SNR skal arbeida for eit lokalsamfunn med fokus på berekraftig verdiskaping
4. SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter
5. SNR skal driva i økonomisk balanse

Litt om kvart

172
medlemmer
(Pr. 31.12.23)

12
medlemmer gjekk ut i 2023

22
nye medlemmer i 2023

Næringsalliansen Vestland 2023

Næringsalliansen Vestland er eit samarbeid mellom 17 næringsråd og -foreiningar i heile Vestland fylke. Gjennom 2023 har det vore gjennomført fire møte i alliansen. To av desse var fysiske samlingar, det siste av desse var ei todagars samling på Voss i oktober.

Formål og strategi

Samarbeidsavtalen for Næringsalliansen Vestland slår fast at den skal vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen. Avtalen peikar særleg på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt.
- Fellesorganisert talerøyr ovanfor Vestland fylkeskommune.
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt.
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling.

Viktige saker i 2023

Utveksling av erfaringar, arbeidsmetodar og deling av utfordringar var også i 2023 eit svært viktig utkome av fellesskapet i Næringsalliansen Vestland. Dei einskilde næringsråda og -foreiningane har svært ulike ressursgrunnlag, det vekslar frå reint dugnadsarbeid til 18 tilsette. Økonomi og kapasitet varierer tilsvarande, og det er difor avgjerande at partnarskapen deler gode og målretta løysningar og arbeidsformer med kvarandre.

2023 vart eit nytt krevjande år for medlemsverksemdene. Ved inngangen til året var auka straumutgifter, prisar og avgifter ei svært stor utfordring for mange. Gjennom året vart etter kvart dei mange renteaukane eit endå større problem. Bygge- og anleggsbransjen, transportnæringa og varehandel er mellom dei som vart råka hardast. Olje- og gassverksemdene og den tilhøyrande leverandørindustrien opplevde derimot svært gode tider.

Medan fleire næringar varsla permitteringar, hadde andre store vanskar med å få tak i nok folk med rett kompetanse. Næringsalliansen ser det framleis som særs viktig å arbeide for at medlemsverksemdene skal ha tilgang på god kompetanse. Fagopplæring, eit omfattande lærlingordning og eit desentralisert skuletilbod er avgjerande for mange.

Behovet for auka nettkapasitet og meir fornybar kraft til Vestlandet er framleis ei høgt prioritert oppgåve. Det vert arbeidd målretta med dette i ulike partnarskap og kanalar.Gjennom 2023 var Næringsalliansen Vestland også engasjert i desse sakene:

- I januar vart det skrive ei støtteerklæring til Den norske filmkommisjonen og arbeidet for å

Styret har i 2023 hatt denne samansetjinga:

Einar Almås
Sparebanken Vest
Styreleiar

Randi Beathe Hovland
Stord Helsepark
Nestleiar

Ingvild Brekke Myhre
Høgskulen på Vestlandet
Styremedlem

Odd Naustdal
Aker Solutions
Styremedlem

Øystein Kvalvik
Leirvik AS
Styremedlem

Nina Lovise Langeland
Galleri Giga
Styremedlem

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Aktiv Eiendomsmekling
Styremedlem
– Ansvarleg Nettverk U37

Oddvar Hårde
Zpirit
Varamedlem

Reinert Horneland
Blinkhus Valvatne
Varamedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilete av resultatet i 2023 og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Stord Næringsråd har i 2023 hatt fem hovudsamarbeidspartnarar. Resultatrekneskapen syner eit underskot på kr – 159 894,-.

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Ny dagleg leiar vart tilsett i 100% stilling 01.05.23. Det var då ein overlappingsperiode med to tilsette til 31.08.23.

Det har vore åtte styremøte i 2023. Det er i 2023 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Selskapet har som mål å vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

styrke filminsentivordninga. Denne vart marginalt betra i statsbudsjettet for 2024, men det gjenstår mykje arbeid med denne saka.

- I februar vart det send ein høyringsuttale om framlegget til Regional plan for fornybar energi.
- I mars vart det send ein uttale om Temaplan for breidband og digitalisering i Vestland fylke.
- I april skreiv Næringsalliansen Vestland eit ope brev til stortingsrepresentantane frå alle vestlandsfylka. Temaet var framlegg til endringar i opplæringslova. Endringane ville særleg gå utover opplæringskontora, som har viktige oppgåver knytt til lærlingordningar og rekruttering av arbeidskraft. Eit fleirtal på Stortinget såg til at endringane ikkje vart gjennomført.
- I september vart det send ut ei pressemelding om innhaldet i den politiske plattforma til fleirtalspartia i Vestland fylke. Det vart her særleg uttrykt kritikk mot manglande satsing på samferdsle og vedlikehald av fylkesvegnettet.
- Det er oppretta god kontakt med Aksjon for norsk eigarskap, som vart stifta i Ålesund i mars. Formuesskatten opptek svært mange av medlemsverksemdene, og aksjonen gjer eit godt arbeid for å få fram konsekvensane av denne. Næringsalliansen planlegg fleire møter i samarbeid med Aksjon for norsk eigarskap i 2024.
- I oktober gav Næringsalliansen Vestland full støtte til planane for «Offshore Wind 2040» - eit forskingsprosjekt i regi av Universitetet i Bergen m.fl.

Aktiviteten i Næringsalliansen

Næringsalliansen Vestland er aktiv og involvert i ei rekke samanhengar. «Grøn Region Vestland» er ein brei partnarskap, der Næringsalliansen og NHO Vestlandet er viktige representantar for næringslivet. Vi har óg ein plass i Næringsforum Vestland, der Vestland fylkeskommune samlar leiarar frå næringslivsorganisasjonar, akademia og arbeidsliv.

Næringsalliansen Vestland er ein av mange partnarar i One Ocean Havbyen Bergen. Målet er å fremje samarbeid og styrke posisjonen til heile regionen, nasjonalt og internasjonalt. Ein ny strategi vart vedteken mot slutten av året, og ein samla partnarskap står samla bak denne. Ei viktig oppgåve for alliansen i denne samanhengen er å forankre prosjektet i regionen som Bergen er ein del av.

Invest in Bergen er eit program for å få fleire nasjonale og internasjonale investeringar og etableringar i bergensregionen. Styringsgruppa er samansett av politiske leiarar i fylket og utvalde kommunar. Næringsalliansen Vestland får no éin av to nyoppretta plassar for næringslivet.

Gjennom året er det gjennomført fleire medlemsundersøkingar. Det er svært viktig at desse er representative for verksemder i heile fylket, og det har óg gitt gjennomslag i pressa.

Bergen Næringsråd fungerer som administrativ ressurs for Næringsalliansen Vestland. Verksemda er i hovudsak finansiert gjennom medlemskontingent. I 2023 har Næringsalliansen óg fått økonomisk stønad frå Sparebanken Vest.

Næringsalliansen i Hordaland er samansett av desse 17 næringsforeiningane:

Askøy Næringsråd
Austevoll Næringsråd
Bergen Næringsråd
Bjørnafjorden Næringsråd
Bømlo Næringsråd
Fikse Næringsforening - Etne og Vindafjord
Hardanger Industri
Kvam Næringsråd
Kvinnherad Næringsservice
Nordhordland Næringslag
Osterøy Industrilag
Sogn og Fjordane Næringsråd
Stord Næringsråd
Tysnes Næringsråd
Vaksdal Næringsselskap
Vest Næringsråd
Voss Næringsråd

8. juni - 2023

Stordkonferansen

Over 150 deltakarar fekk med seg konferansen på Stord hotell i år. Karbonfangst og lagring, både under havet, på skip og i flasker vart omtala. Vi vart godt losa gjennom dagen av Silvija Seres, matematikar og teknologiinvestor. Ho la vekt på at vi no er i den fjerde industrielle revolusjonen med digitalisering og kunstig intelligens. Verda er ikkje lenger eit lineært system, men fullt av black swans og kaosmatematikk.

Ungdomsskulane på Stord deltar i prosjektet UngTekno i regi av Atheno. Tre grupper frå Nordbygdo, Rommetveit og Stord presenterte sine prosjekt og idear. Vi fekk høyre gode presentasjonar om solcelledrivne fly, sensorar som monitorerer asfalt og klimavenleg stålproduksjon til sjøs.

Haugaland kraft ver vertskap for vorspiel i Gjøa i 9. etg før det vart middag og underhaldning i sommarteltet til Gamle Fengselet Kulturhotell.

Stor dag for Stord Lufthamn

Staten kunngjorde 15.03.23 at flyruta Stord-Oslo vert inkludert i dei statlege kjøpa av flyruter frå og med 01.04.2024. Anbodet gjeld for 4 år. Dette har mange jobba for i mange år, og me gratulerer lufthamnsjef Jan Morten Myklebust og tilette med den store nyheten for Stord Lufthamn. Viktig dag for næringslivet vårt, som største brukar av flyruta Stord-Oslo.

Anne-Grethe takkar for seg

Etter 15 år som dagleg leiar i Stord Næringsråd vart Anne-Grethe Sandtorv takka av på Stordkonferansen 23. Siste arbeidsdag var 31. august. Stord Næringsråd har vorte ein moderne og veldriven organisasjon under Santorv si leiing og stå no godt rusta til å ta fatt på åra som kjem.

U37

STORD NÆRINGSRÅD

Nettverk U37 var med på Stordkonferansen med eit eige opplegg på vorspielet der dei presenterte Pablo Barrera og Torbjørn Brosvik som nye i sine roller. Dei har og hatt eigne arrangement, mellom anna introduksjon til padel 16. november.

Nettverk U37 har som mål å skape ein god arena for sosialt samvær, nettverksbygging og oppdatering på kva som skjer på Stord. Arenaen skal vera for alle aktive, samfunns- og næringslivsinteresserte på Stord.

Her skal ein få oppdatering på kva som skjer på Stord, knyte kontaktar og byggje relasjonar - på tvers av fag og bransjar. Dette vil gje overføringsverdi mellom bransjane, og gje moglegheit for å dela kunnskap og erfaringar.

I tillegg skal Nettverk U37 vera stemma til dei unge vaksne i Stord Næringsråd, og på denne måten ha moglegheit til å påverka utviklinga i næringslivet på Stord. Nettverk U37 vert styrt av ei styringsgruppe på inntil 8 personar frå ulike bransjar. Utskiftinga skjer ved fylte 38 år, og resterande gruppemedlemmer skal då foreslå ny kandidat, som skal veljast av gruppa

Desse er med i styringsgruppa for Nettverk U37:

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Aktiv Eiendomsmegling - leiar

Stina Skeie
Multiconsult

Øyvind Kyvik
Aker Solutions

Øyvind Randa Heggland
Sustainable Energy

Berit Haga Vikanes
ABO Plan & Arkitektur Stord

Christian Myklebust
DNB

Hege Aas Vad
Renevo

Ta kontakt med desse om du vil verta ein del av Nettverk U37.

Næringsprisen 2023 gjekk til Breeze Ship Design. Banksjef Svein Ottesen deler ut prisen til COO Reinert Nordtveit.

Næringsprisen 2023

Breeze Ship Design

Reinert Nordtveit, COO i Breeze Ship Design, tok imot prisen på vegne av verksemda. I takketalen la han vekt på at selskapet byggjer på gode tradisjonar og godt samarbeid mellom ulike aktørar på Stord og i Sunnhordland.

Næringsprisen er eit samarbeid mellom Stord Næringsråd og Sparebanken Vest. Næringsprisen skal bidra til å skapa merksemd rundt næringslivet, og gje honnør til dyktige næringslivsaktørar.

I grunngjevinga frå juryen heiter det:

- Breeze Ship Design vart etablert av lokale krefter som tok tak då strategien til store konsern ville det annleis.
- Verksemda er tru mot eigen idé og filosofi. Dei leverer skreddarsydde design basert på ei analytisk tilnærming til kva behov kunden har.
- Breeze Ship Design er opptatt av grøne og berekraftige løysingar for designa sine og samarbeider med andre aktørar for å få nullutslepp i skipsfarten.
- Vinnaren kombinerer moderne og effektiv design, med den gode arven skipsdesign har i Sunnhordland på ein framifrå måte.

Frukostmøta

- vår faste møteplass for påfyll og relasjonsbygging

6. mars

Saman med Stord kommune heldt vi innspelsmøte om Arealstrategi til Kommuneplanen. Ordførar og plansjef presenterte frå kommunen si side.

20. april

Statusrapport om Hordfast, kva moglegheiter som ligg her for næringslivet i gjennomføringsfasen og vidare prosess for prosjektet framover. Hordfast AS orienterte.

11. mai

Saman med vår hovudsamarbeidspartnar Multiconsult fekk vi ein god frukost og innblikk i mange spennande prosjekt dei heldt på med. Ikkje minst ein god gjennomgang av korleis dei ser for seg landbasert fiskeoppdrett i tida framover.

14. juni

Berekraftrapportering, styre og dagleg leiar sitt ansvar, samt reglar rundt konkurs var tema på det siste frukostmøte før sommaren. KPMG tok oss gjennom vanskelege tema på ein god måte.

14. september

Meir kraft, meir nett og meir effektiv bruk av energien var tema då Stord Næringsråd inviterte til frukostmøte saman med Haugaland Kraft. Næringslivet på Stord er spesielt interessert i korleis tilgangen til straum blir framover og kva som må til for å sikre at nyetableringar og utvidingar får naudsynt kraft

4. oktober

Kva veg vil renta gå? Korleis ser makrotala ut i Noreg, Europa og USA og korleis vil desse påverke rentebanene framover? Dette og mykje meir fekk dei frammøtte gode svar på då DNB var med oss på frukostmøte.

16. november

Full aktivitet, opprusting og bygging på verftet var stikkorda då Aker Solution presenterte seg på frukostmøte. Aker BP heldt fram med å vise korleis dei skal drifte nye plattformar utan folk offshore, men først skal dei byggast på Stord.

7. desember

Leiing, hybrid leiing, og korleis verksemder kan tilpasse seg den nye hybride arbeidskvardagen var tema på frukostmøte med Azets.

15. mars

FOT-ruta Stord – Oslo

Regjeringa kunngjorde at flyruta Stord-Oslo vert inkludert i dei statlege kjøpa av flyruter frå og med 01.04.2024. Anbodet gjeld for 4 år.

9. mai

NTP innspel

Stord Næringsråd ga sine innspel til Nasjonal transportplan i dialogmøte med Vestland fylkeskommune.

3.juli

Test av rassikring

Bypass Skredoverbygg AS heldt ein spektakulær fullskalatest av sitt eigenutvikla skredsikringssystem. Testen vart bestått med glans!

4. september

Brennestart for Hugin A og Valhall PWP

Brennehallen var full av folk då Aker Solutions med verftsdirektør Arve Kleppe i spissen inviterte til brennestart. Dette er starten på det fysiske arbeidet som vert gjort til Hugin A og Valhall PWP.

Det er alt brukt mange timar i prosjektering og innkjøp, men no skal det byggast.

31. oktober

Yrkesfagdag

10. klassingar frå ungdomsskulane på Stord, Fitjar, Tysnes og Austevoll fekk informasjon om yrkesfag og høve til å snakke med lærlingar innan mange ulike fag. For 3. gong vart det arrangert yrkesfagdag i regi av Bu i Sunnhordland og Ytre Sunnhordland Opplæringskontor (YSO).

1. november

Samferdslekonferansen Det Nye Vestland

Det Nye Vestland sette fokus på korleis vestlandet vil bli når vegen mellom Stavanger og Bergen er klar. Rogfast er godt i gang og opnar i 2033. Hordfast er snart klar med reguleringsplan. Konferansen vart arrangert for 4. gong i samarbeid mellom næringsforeiningar frå Stavanger til Bergen.

29. november

Fitjar Næringsråd blir med i SNR

Fitjar Næringsråd går inn som gruppemedlem i SNR. Stord og Fitjar er på same øy, og i same bu- og arbeidsmarknad. Vi har mange verksemder som har stor nytte av å lære meir av kvarandre. Når vi står saman har vi endå større tyngde i det næringspolitiske arbeidet og større påverknad inn mot sentrale myndighetar.

18. desember

Uttale om E134 Arm til Bergen

Stord Næringsråd vil ha arm til Bergen gjennom Sunnhordland. Slik vil ein få både gode nasjonale effektar og regionale effektar av ei vegutbygging frå E134 til Bergen.

Medlemmer

07000
ABB AS
ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Adecco Group Norway AS
Advokatfirmaet Responsa AS
Advokatkontoret Sunnhordland AS
Aijob AS
Aker Solutions AS
Akiro AS
Aktimed Helse AS
Aktiv Bergen Sentrum AS
Aktum Eigedom AS
Alde Akva AS
Alltec Services AS
Almaas Hotell Stord AS
Arbeids- og velferdsetaten
Aritech AS
Assist Haugesund AS
Atea AS
Åtgaum AS
Atheno AS
Azets Insight AS
Bakeriet Frugård AS
BDO AS Avd Stord
Bekkjarvik Gjestgiveri Hotel & Suites AS
BK Marine AS
Bladet Sunnhordland AS
Bralunsj AS
Breeze Ship Design AS
Brilleriet Stord AS
Bypass Skredsikring AS
Byrået Design & Profilering AS
Børge K Josefsen AS
Coast Apartments AS
Cognizant oil and
gas consulting services Norway AS
Collectia AS
Contesto AS
Det Gule Hus Stord
DNB Bank ASA
ECIT Stord AS
Eldøyane Næringspark AS
Elie Verkstad AS
Engelsen Entreprenør AS
Engevik Byggsenter AS
Erko Settefisk AS
EY Skye Consulting AS
Falck Norge AS
Fitjar Næringsråd
Formue Norge AS
Fotograf Magne Langåker
Fotograf Øyvind Hjelmen
Framcom AS
Fronta AS
Funkworks AS
Fylkesnes Bil AS
Førland John
Galleri 2.0 AS
Gamle Fengselet Kulturhotell AS
GB Stord AS
Genie AS
Grov Forskaling AS
Grov Grasklypp AS
Gullfjell Consulting AS
Gunvald Ottesen
Haga Mat AS
Hatlevik AS
Haugaland Kraft AS
Haugaland Taxi AS
Heiane Bil AS
Heiane Storsenter Drift AS
HSD Sunnhordland Drift AS
HSO-Haugaland & Sunnhordland
Human AS
Hydrogen Solutions AS
Høgskulen på Vestlandet
IBOX Profil AS
IF Skadeforsikring
Ing Øyvind Jørgensen AS
Interoptikk Sele AS
Invia AS
Iteam 2 AS
Jon Lund
K J Brusdal AS
Kattnakken AS
Kinnarps AS
Kleivo Holding AS
Kontado AS

Foto: Tor Reeser

KPMG AS
Kunnskapshuset AS
Laastad Pluss & Minus AS
Langli Tekst AS
Learntofly Marco Horst Günter Thomas
Leirvik AS
Lekendelett.net - Kjetil Fyllingen
Link Arkitektur AS
Maritime Cleantech
Miles Stavanger AS
Minus Solutions AS
Multiconsult Norge AS
Nelfo Sunnhordland
NITO - Norges Ingeniør - og Teknologiorganisasjon
Nobel Mote AS
Norce Norwegian Research Centre AS
Norconsult Norge AS
Norsea Logistics AS
Norwegian Mooring AS
Novaform AS
Odd Hansen Prosjekt AS
Ole Vaagen Mineralvannfabrikk AS
Opero AS
Print og Ramme AS
Ragn Sells AS
Renevo AS
S. Knudsen Holding AS
Sagvåg Apotek AS
Salt Ship Design AS
Sentrumsutvikling Stord AS
Skag Profilera AS
Skjærgårdservice AS
Sarebank 1 SR-BANK ASA
Sparebanken Vest
Stomas AS
Stord Anlegg AS
Stord Eiendom as
Stord Engineering AS
Stord Fiskeriselskap AS
Stord Folkehøgskule AS
Stord Helsepark AS
Stord Holding AS
Stord Hotel Drift AS
Stord Innkvartering AS
Stord Kommunale Eigedomsselskap as
Stord Kommune
Stord Mobilkran AS
Stord24 AS
Storevik IT AS
Subshore.no AS
Sunnhordland Bil AS
Sunnhordland Eiendomsinvest AS
Sunnhordland Kraftlag AS
Sunnhordland Lufthavn A/S
Sunnhordland Museum
Sunnhordland Trafikkopplæring AS
Tada AS
TECA AS
TESS Vest AS
Thon Kjøpesenter Vest AS
Tide Buss AS
Toma Facility Norge AS
Tore Bjelland
Tveit Regnskap as
Tysnes Sparebank
Urt & Ugras AS
Vabakkjen Eiendom AS
Valvatne Eigedom AS
Varmthus Hans Ingvar Romsloe
Velværetunet AS
Vest Lydservice AS
Vestbo BBL
Vestland Fylkeskommune
Vestco Gray Scandinavia AS
Vevnad AS
Vevos AS
View Ledger AS
W Eengelsen ETTF AS
Wärtsilä Norway AS
Winntech AS
Workshop Bemanning & Kompetanse AS
Ysst Hms
Ytre Sunnhordland Opplæringskontor
Zenit Engineering AS
Zpirit as

Hovudsamarbeids-partnarane

AkerSolutions

akersolutions.com

Aker Solutions sitt verft på Stord hadde stor aktivitet gjennom heile 2023. Det desidert største prosjektet, Johan Castberg FPSO, har gjennom heile 2023 jobba godt med å ferdistille skipet. Med 2000 i prosjektet på jobb kvar dag har det vore stor aktivitet nede på verftsområdet.

Samstundes med aktiviteten ombord Johan Castberg, har det og vore aktivitet på andre prosjekt, både Norhtern Lights, Troll Vest Elektrifisering og Kollsnes-prosjektet. Samtlege av desse har vore i avslutningsfasen.

Det var og ein stor milepåle for både verftet og Aker Solutions då Sunrise HVDC-plattforma ankom verftet i oktober. HVDC-plattforma på omlag 10.000 tonn skal ferdigstillast på verftet på Stord.

Aker BP prosjekta, Hugin A og Valhall PWP, hadde hausten 2023 fabrikasjonsstart både på verftet, men og på andre lokasjonar. Dette er prosjekt som vil syne godt igjen på verftet i åra framover.

Demoleringsanlegget på Eldøy har i løpet av 2023, jobba godt med å resirkulere den 18.000 tonn tunge Gyda-plattforma og den 15.000 tonn tunge Valhall PCP- plattforma. Resirkuleringsgrada på det arbeidet som blir utført er 98%.

Det er i tillegg blitt utført store oppgraderingar på verftet i 2023 for å rusta verftet for framtidige prosjekt. Blant anna vart dokken midlertidig fylt igjen, det er komen nye kompetansefasilitetar, og nye lagarhaller med meir.

HAUGALAND KRAFT

hkraft.no

Haugaland Kraft har bygget og videreutviklet samfunnskritisk infrastruktur i 115 år. Året 2023 har vært et jubileumsår for konsernet. Da var det 25 år siden framsynte eiere av Karmsund Kraftlag og Haugesund Energi gikk sammen om å stifte Haugaland Kraft AS. Fusjonen skulle styrke konkurranseevnen, kompetansen og kundefokuset, blant annet som følge av endrede rammevilkår for kraftbransjen. Tanken om å samle kreftene er like aktuell i dag.
Etter at Haugaland Kraft så dagens lys, har en rekke lokale nett-, fiber-, og strømselskaper blitt en del av laget. Dette har bidratt sterkt til at konsernet nå er mer solid enn noensinne.

Haugaland Kraft skal forenkle og trygge hverdagen til sine kunder basert på fremtidsrettet teknologi for infrastruktur, fornybar energi og telekommunikasjon. Konsernet består av et morselskap og fire heleide datterselskaper; nettselskapet Fagne AS, fiberselskapet Haugaland Kraft Fiber AS, strømselskapet Haugaland Kraft Energi AS og solkraftselskapet Endra AS.
I tillegg er Haugaland Kraft majoritetseier i vann-kraftprodusenten Sunnhordland Kraftlag AS og fiberselskapet Afiber AS. Sammen gir vi kraft til sterke og bærekraftige lokalsamfunn.

Konsernets regionale tilstedeværelse strekker seg fra Haugalandet og Sunnhordland til indre Ryfylke og deler av Hardanger. Våre rundt 550 ansatte sitter fordelt på hovedkontoret i Haugesund og avdelinger i/ på Stord, Fitjar, Halsnøy, Suldal, Sauda, Ølen, Skånevik, Odda og Røldal.

Haugaland Kraft er en hjørnesteinsbedrift i regionen, som setter samfunnsansvaret høyt og er opptatt av å gi tilbake. I 2023 ga konsernet fem millioner kroner i ekstraordinære midler til lokalsamfunnene i regionen. Pengene ble øremerket medlemskontingent for barne- og ungdomsidrett, frivillige organisasjoner og frivillighetssentraler i regionen. Totalt fikk over 50 ulike lokale organisasjoner og foreninger økonomisk støtte til sitt viktige arbeid for barn, unge, eldre og lavinntektsfamilier. Det handler om å gi tilbake til det flotte samfunnet vi er en del av.

SparebankenVest

spv.no

Me gjer livet på Vestlandet betre.

Sparebanken Vest er eit uavhengig, børsnotert finanskonsern som i hovudsak driv bank- og finansieringsverksemd i fylka Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal. Hovudkontoret ligg i Bergen. Ved utgangen av 2023 hadde banken 36 salsstader. Då Sparebanken Vest vart stifta for over 200 år sidan, var det ein ny måte å tenkje bank på. Banken skulle vere eigd av kundane, og føremålet var å hjelpe dei mange fattige i samfunnet. Trua på at utfordringar vert best løyst i fellesskap var det som skapte oss.

Framleis er det denne tankemåten som driv oss, og i dei urolege tidene vi står i, er dette viktigare enn nokon gong. I dag er vi i stor grad framleis eigd av kundane og samfunnet, og vi kan med tryggleik seie at me gjer livet på Vestlandet betre. Betre for dei som veks opp og etablerer seg. For dei som må bryte ut og gå nye vegar. For dei som har ein draum dei vil følgje.

For alle som jobbar hardt, og for bedriftseigarar som skapar arbeidsplassar på Vestlandet. Dette får vi til ved å bry oss om kundane, bidra der folk er, vere enkle å forholde seg til og gi viktige og gode råd på vegen. Fellesskapet gjev oss ei unik kraft til å møte dei store utfordringane. Utfordringane som angår oss alle og som er avgjerande for vår framtid.

Saman gjer vi det betre.

Multiconsult

multiconsult.no

Multiconsult på Stord har lagt bak seg eit år med svært høg aktivitet. Både akvakultur og nye grøne industriar står sentralt i vår satsing. Difor var det naturleg at store industriprosjekt på Mongstad i kombinasjon med prosjekt for kundar som Andfjord Salmon, Helgeland Miljøfisk og Bue Salmon var blant dei viktigaste oppdraga me jobba med i fjor. Dei tre sistnemnde kundane har svært interessante planar innan landbasert akvakultur. Oppdrettsnæringa fekk hausten 2023 eit svært kritisk medieblikk retta mot seg. Med rette, vil fleire hevda. I kombinasjon med ein til tider uføreseieleg næringspolitikk, med grunnrenta som eit prakteksempel, vart konsekvensen at ei lang rekke store planar innan landbasert akvakultur vart lagt i skuffa. I 2024 ser det ut til at fleire av desse planane igjen vert aktuelle.
Nye grøne prosjekt er kanskje det mest spanande ein kan jobba med i rådgjevarbransjen. Ei lang rekke prosjekt, med både norske og utanlandske investorar, er planlagd langs vestlandskysten. Sunnhordland har også ei rolla spela her, med sentrale og lokale aktørar som Sustainable Energy og Hydrogen Solutions med spenstige og viktige planar, i jakta på nullutsleppssamfunnet.
Multiconsult ynskjer å leggje til rette for at slike aktørar lukkast med sine planar. Lokalt har Multiconsult også vore sentrale i utviklinga av sjukeheimsprosjektet på Knutsaåsen og i samarbeid med Stord kommune tekniske tenester, på fleire prosjekt relatert til vatn og avlaup. Sist men ikkje minst har me samarbeida svært godt med Aker lokalt, i året som gjekk. Høg aktivitet gjer sitt til at det på verftet vert investert og oppgradert i både bygningar og infrastruktur. Med dette som bakteppe er det mykje som tydar på at det vert høg aktivitet i 2024 også.

RENEVO

renevo.no

RENEVO har vært en pålitelig leverandør av naturgass på Stord siden 2016, betjent husholdninger, offentlige bygg og det lokale næringslivet gjennom et omfattende rørnett. Samtidig har vi arbeidet med å etablere et biogassanlegg på Eldøyane.

2023 har vært et år med betydelige utfordringer for RENEVO. Utilstrekkelig biogassproduksjon og utfordringer med luftrensesystemet, samt prosesstekniske problemer resulterte i stans av oppgraderingsanlegget. Etter en lang prosess med å få anlegget i produksjon ble RENEVO nødt til å ta den tunge beslutningen om å midlertidig stenge ned biogass anlegget. RENEVO har startet et prosjekt som ser på en teknisk ombygging av det nåværende anlegget, med en anerkjent og godt utprøvd teknologi for å sikre en mer pålitelig og effektiv drift på lang sikt.

En ombygging av anlegget krever nye tillatelser fra ulike myndigheter og en endelig investeringsbeslutning av våre eiere. Vi setter all vår innsats i å sikre en jevn og effektiv godkjenningsprosess.

Det har tillegg blitt gjort en strukturell endring på eiersiden i RENEVO, der ny eier har store utbyggingsambisjoner, både for Norge og Europa. Å være en del av denne satsningen gir oss tilgang til betydelig ekspertise på feltet. Vi ser frem til å dra nytte av både økt faglig styrke og erfaringer fra andre anlegg. Vi vil bruke tiden fremover på å utarbeide og gjennomgå systemene våre for å optimalisere driften.

Dagleg leiar

Torbjørn Brosvik tok til i jobben som Dagleg leiar 1. mai. Han har tatt over leiinga i Stord Næringsråd på ein god måte og vidareført den jobben Anne-Grethe Sandtorv har gjort. Han er opptatt av regionalt samarbeid og brenn for at Stord Næringsråd skal vere ein viktig aktør for å skape samhandling, bulyst og utvikling.

Framfor Stortinget etter å ha snakka med benkane frå Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal om Hordfast og Ferjefri E39.

Framtid

Det er stor aktivitet i næringslivet, og mykje av dette er knytt opp mot den høge aktiviteten på verfta til Aker Solutions.

Dette gjev stor ringverknader for arbeidsplassar i underskogen av leverandørar av varer og tenester. Mykje er knytt opp mot olje- og gass, men ordreporteføljen i den fornybare marknaden veks, noko som tyder på kor viktig kompetansen i industrien vår er for det grøne skiftet.

Kraft, kompetanse og samferdsle er dei tema medlemmene i Stord Næringsråd løftar opp som dei viktigaste utfordringane i tida som kjem. Dette er problemstillingar som gjeld ut over næringslivet på Stord, og vi jobbar tett med gode samarbeidspartnarar for å påverke sentrale styremakter for å betre vilkåra for næringslivet.

Næringslivsleiarar frå Stavanger til Bergen i felles opprop til regjeringa for Hordfast!

Stord, den 6. mars 2024

Styret i Stord Næringsråd

Einar Almås
Styreleiar

Randi Beathe Hovland
Nestleiar

Nina Lovise Langeland
Styremedlem

Øystein Kvalvik
Styremedlem

Ingvild Brekke Myhre
Styremedlem

Odd Naustdal
Styremedlem

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Styremedlem

Resultatregnskap

Tittel	Note	2023	2022
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		2 094 515	1 847 420
Annen driftsinntekt		175 000	15 000
Sum driftsinntekter		2 269 515	1 862 420
Driftskostnader			
Varekostnad		-605 207	-357 868
Lønnskostnad	1, 2	-1 438 524	-1 049 933
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	-8 493	0
Annen driftskostnad	4, 5	-377 824	-442 195
Sum driftskostnader		-2 430 047	-1 849 996
Driftsresultat		**-160 532**	**12 424**
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		0	350
Annen finansinntekt		1 607	751
Sum finansinntekter		1 607	1 101
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		-969	-500
Sum finanskostnader		-969	-500
Netto finans		**638**	**601**
Resultat før skattekostnad		**-159 894**	**13 025**
Årsresultat		**-159 894**	**13 025**
Overføringer			
Annen egenkapital		-13 025	13 025
Udekket tap		-146 870	0
Sum overføringer		-159 894	13 025

Stord, 6. mars 2024

Einar Almås
Styreleiarr

Randi Beathe Hovland
Nestleiar

Øystein Kvalvik
Styremedlem

Odd Naustdal
Styremedlem

Balanse

Eiendeler	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	3	25 481	0
Sum varige driftsmidler		25 481	0
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	6	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	50 000
Sum anleggsmidler		75 481	50 000
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	4	2 623	1 695
Andre kortsiktige fordringer		32 125	32 440
Sum fordringer		34 748	34 135
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		271 939	529 315
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		271 939	529 315
Sum omløpsmidler		306 686	563 450
SUM EIENDELER		382 167	613 450
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	7	306 963	306 963
Sum innskutt egenkapital		306 963	306 963
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	7	0	13 025
Udekket tap	7	-146 870	0
Sum opptjent egenkapital		-146 870	13 025
Sum egenkapital		160 094	319 988
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		21 607	100 126
Skyldige offentlige avgifter		67 204	80 487
Annen kortsiktig gjeld		133 262	112 849
Sum kortsiktig gjeld		222 073	293 462
Sum gjeld		222 073	293 462
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		382 167	613 450

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Styremedlem

Ingvild Brekke Myhre
Styremedlem

Nina Lovise Langeland
Styremedlem

Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar

Noter til rekneskap

Rekneskapsprinsipp
Årsrekneskapen, som er utarbeidd av selskapet sitt styre og leiing, må lesast i samanheng med årsberetninga. Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggande prinsipp og klassifisering av gjeld følgjer rekneskapslova sine definisjonar. Ved bruk av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, vert det lagt vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form.

Rekneskapslov
Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapsskikk i Norge for små føretak.

Rekneskapsprinsipp
Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggande prinsipp og klassifisering av gjeld følgjer rekneskapslova sine definisjonar.

Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt – samanstilling
Inntekter resultatførast som hovudregel når den er opptent. Inntekter som medlemskontingent og sponsormidlar vert fordelt på gjeldande periodar. Utgifter samanstillast med og kostnadsførast samtidig med dei inntektene utgiftene kan førast mot. Utgifter som ikkje kan direkte førast til inntekter, vert kostnadsført når dei påløper.

Fordring
Fordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventa tap.

Note 1
Lønnskostnad
I perioden mai – august var det ekstra lønnskostnadar. Dette skuldast at både ny dagleg leiar og tidlegare dagleg leiar jobba i bedrifta.

Note 2
Tal årsverk
Talet årsverk sysselsett i rekneskapsåret var 1,33.

SNR
STORD NÆRINGSRÅD

Note 3
Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

	Varige driftsmidlar
Anskaffingskost 01.01	0
Tilgang i året	33973
Avgang i året	0
Anskaffingskost 31.12	33973
Samla avskriving, nedskriving og reversering av nedskriving	-8493
Balanseført verdi per 31.12	25480
Avskrivingar, nedskrivingar og reverseringar av nedskrivingar i rekneskapsåret	8493

Note 4
Kundefordringar

	2023	2022
Kundefordringar til pålydande 31.12	4623	3695
Avsetning til tap	-2000	-2000
Kundefordringar 31.12	2623	1695

Kundefordringar er vurdert til pålydande.
Det er avsett kr 2000,- til tap på fordringar.

Note 5
Spesifikasjon av andre driftskostnadar

	2023	2022
Leige lokale/reinhald/felleskostnadar	67328	70974
Leige datasystem	76778	55321
Rekneskap	69031	57426
Økonomisk bistand	11879	8251
Kontorrekvisita/aviser/møter	96000	45982
Reisekostnader	33231	20264
Reklame/kontingentar/ representasjon/styremøte	14735	178128
Andre driftskostnadar	6601	5853
Sum driftskostnadar	375583	442199

Note 6
Aksjar i andre selskap

Anleggsmidlar	**Anskaffelseskost**
Atheno AS	20000
Hordfast AS	20000
Sunnfast AS	10000
SUM	**50000**

Note 7
Eigenkapital

	Aksjekapital	Opptent eigenkapital	Udekka tap	Sum
Eigenkapital 31.12 førre år	306963	13025	0	319988
Årsresultat	0	-13025	-146870	-159894
Eigenkapital 31.12.2023	306963	0	-146870	160094